



MØTEINNKALLING

Utval: Valstyret
Møtedato: 29.04.2014
Møtetid: Etter formannskapsmøtet 29.04.2014
Møtestad: Kommunehuset

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

ordfører

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/14	14/343	Faste saker	
002/14	14/277	Eventuell deltaking i forsøk med røyserverett for ungdom som fyller 16 eller 17 år i valgåret ved kommunestyrevalet 2015	
003/14	14/277	Kommunestyre- og fylkestingsval 2015 - tal valkrinsar i Samnanger kommune	

Oversikt faste saker
<ul style="list-style-type: none">• Godkjenning av innkalling og sakliste• Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte• Delegerte vedtak/referatsaker• Utvalet sitt kvarter



SAKSFRAMLEGG

Arkivsaksnr: 14/343	Løpenr: 14/2303
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Valstyret	29.04.2014	001/14	JEB

FASTE SAKER

Oversikt faste saker:
<ul style="list-style-type: none"> • Godkjenning av innkalling og sakliste • Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte • Delegerte vedtak/referatsaker • Utvalet sitt kvarter

Oversikt delegerte vedtak/referatsaker som er meldt opp til møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Magda Haugen	Arkivkode: FE-010
Arkivsaksnr: 14/277	Løpenr: 14/1938
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Valstyret	29.04.2014	002/14	MH

EVENTUELL DELTAKING I FORSØK MED RØYSTERETT FOR UNGDOM SOM Fyller 16 eller 17 år i valgåret ved kommunestyrevalet 2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Dokument som er vedlagt:

Invitasjon til å delta i forsøk med nedsatt stemmerettsalder ved valget i 2015.pdf
Samandrag vedrørende stemmerett for 16 åringar frå institutt for samfunnsforskning.

Kva saka gjeld:

Alle norske kommunar er inviterte til å søkja om deltaking i forsøk med røysterett for ungdom som fyller 16 eller 17 år i valgåret ved kommunestyrevalet 2015. Invitasjonen følgjer vedlagt. Det går fram av invitasjonen at om lag 20 kommunar vil verta valde ut til å delta i forsøket.

I 2011 vart det i utvalde kommunar gjennomført eit forsøk med røysterett for 16- og 17-åringar. Det ligg føre ein evalueringsrapport frå Institutt for samfunnsforskning (2014:1) om forsøket: ”Stemmerett for 16-åringar – resultater fra evalueringen av forsøket med senket stemmerettsalder ved lokalvalget 2011”. Redaktør for denne rapporten er Johannes Berg. Lenkje til evalueringa: http://www.regjeringen.no/upload/KMD/KOMM/rapporter/Rapport_stemmerett_for_16-aaringer.pdf

I denne saksutgreiinga vert oppsummeringa / samandraget frå denne rapporten lagt ved.

Ungdomsrådet drøfta saka 26.03.14 og gjorde då følgjande samrøystes vedtak:

”Ungdomsrådet ber Samnanger kommune om å søkja deltaking i forsøket med nedsett stemmealder til 16 år i kommunestyrevalet 2015. Ungdomsrådet meiner at deltaking i forsøket vil gje ungdomane kjensla av å verta høyrde.”

Vurderingar og konsekvensar:

Samnanger kommune har ikkje tidlegare delteke i ei slik prøveordning. I 2010, då saka om deltaking i prøveordninga var oppe til handsaming i Samnanger kommune, røysta kommunestyret nei til deltaking.

Praktisering av røysteretten i andre land

I alle dei andre nordiske landa (Sverige, Danmark, Finland og Island) er den allmenne røysteretten 18 år. Austerrike er det einaste landet i Europa som har innført allmenn røysterett for 16-åringar. Utanfor Europa er det berre Cuba og Nicaragua som har ein slik røysterettsalder.

Nokre stader i Europa kan 16-åringar røysta ved lokalvala. Det gjeld fleire delstatar i Tyskland, i ein av delstatane i Sveits samt på nokre øygrupper i Storbritannia. (Kjelde: Barne- likestillings- og inkluderingsdepartementet; NOU 2011: 20 – Ungdom makt og medvirkning)



DET KONGELIGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Statsråden

Kommunene

Deres ref

Vår ref

Dato

14/3153 1

24.03.2014

Invitasjon til å delta i forsøk med stemmerett for ungdom som fyller 16 eller 17 år i valgåret ved kommunestyrevalget i 2015

Kommunal- og moderniseringsdepartementet vil med dette invitere kommunene til å søke om å delta i forsøk med nedsatt stemmerettsalder til 16 år. Også de kommunene som deltok ved tilsvarende forsøk i 2011 bes om å søke, dersom de ønsker å delta i nytt forsøk.

Bakgrunn

Ved kommunestyrevalget i 2011 ble det gjennomført forsøk med nedsatt stemmerettsalder til 16 år. Etter invitasjon til alle kommunene hvor 143 sendte inn søknad, ble 20 kommuner samt Longyearbyen lokalstyre valgt ut til å delta. Til sammen ca. 9400 16- og 17-åringer fikk anledning til å stemme.

Forsøket ble evaluert av Institutt for samfunnsforskning sammen med Rokkansenteret ved Universitetet i Bergen. Resultater fra evalueringen foreligger i egen rapport ”Stemmerett for 16-åringer” redigert av Johannes Bergh.

Forsøket gav mange interessante erfaringer. Samtidig ønsker departementet å ha et bredere erfaringsgrunnlag.

Hjemmelsgrunnlaget

Forsøket hjemles i valgloven § 15-1 som åpner for forsøk med å holde valg på andre måter enn det som går frem av loven ellers.

Omfanget av forsøket

Forsøket gjelder kommunestyrevalget 2015, ikke fylkestingsvalget. Forsøket skal prøve ut stemmerett til ungdom som fyller 16 eller 17 år i valgåret, og som ellers oppfyller de andre kravene til stemmerett ved kommunevalget, jf. valgloven § 2-2.

I forsøket åpnes det ikke for endringer i valgbarhetsalderen, som fortsatt vil være 18 år.

Kriteriene ved utvelging av kommuner

Det velges ut ca. 20 kommuner til å delta i forsøket.

Ved utvelgelse av kommuner som skal delta vil det bli lagt vekt på følgende:

- Det tas sikte på at ca. halvparten av de kommunene som skal delta, vil velges fra de kommunene som deltok ved forsøket i 2011.
- Det tas sikte på at både store, mellomstore og små kommuner skal delta.
- Det legges vekt på geografisk spredning slik at alle landsdeler er representert.
- Variasjon i den politiske sammensetningen av kommunestyret, dvs at man bør ha en spredning av kommuner etter politisk farge. Her vil man ta utgangspunkt i ordførerens parti.
- Variasjon i alderssammensetningen i kommunen, målt i andelen befolkningen i kommunen som er under 30 år.

Det er viktig at kommunen i sin søknad opplyser om forhold knyttet til disse kriteriene. Det vil være til hjelp når departementet skal ta stilling til hvilke kommuner som skal delta.

I vurderingen av hvilke kommuner som skal velges ut, vil vi også se på begrunnelse og motiv for å delta. Derfor bør søknaden også inneholde en redegjørelse for hvorfor kommunen søker.

Evaluering

Forsøket vil bli evaluert. Det er derfor en forutsetning for å få delta at kommunen stiller seg velvillig til å gi opplysninger som er relevante for forsøket til den institusjonen som får i oppdrag å evaluere forsøket.

Frist for å søke

Fristen for å søke settes til 1. juni 2014.

Jeg ønsker dere lykke til med søknaden.

Med hilsen

Jan Tore Sanner

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.

02 APR 2014

Institutt for samfunnsforskning

2014:1

Forfatter/ Author	Johannes Bergh (red.)
Tittel/Title	Stemmerett for 16-åringer Resultater fra evalueringen av forsøket med senket stemmerettsalder ved lokalvalget 2011
Sammendrag	<p>Rapporten presenterer resultatene fra evalueringen av forsøket med senkning av stemmerettsalderen til 16 år ved lokalvalget 2011. Evalueringen kan oppsummeres i følgende åtte spørsmål og tilhørende svar.</p> <p>1) Hvilke juridiske hindringer står i veien for en eventuell senkning av stemmerettsalderen, og hva vil de juridiske konsekvensene av en stemmerettsalder på 16 år være?</p> <p>Stortinget har stor handlefrihet når det gjelder stemmerettsalder. Rettslig sett må ikke stemmerettsalderen følge myndighetsalderen, og 16- og 17-åringer har nødvendig rettslig handleevne til å bruke stemmeretten, stille til valg og være folkevalgte. Vurderingen av om stemmerettsalderen skal senkes, må inkludere en vurdering av om 16- og 17-åringene skal kunne velges og hvor omfattende ombudsplikt de eventuelt skal ha. Dersom målet er en mest mulig klar og enhetlig overgang fra barn til voksen i lovgivningen, kan det vært grunn til å holde stemmerettsalderen på 18 år. Ulik aldersgrense for stemmerett og valgbarhet kan stå i strid med hensynet til enhetlig regulering av rett til demokratisk deltagelse.</p> <p>2) Var den praktiske gjennomføringen av forsøket vellykket?</p> <p>Det ser ikke ut til å ha vært noen problemer med den praktiske gjennomføringen av forsøket. Utover dette, blir valgdeltakelsen blant 16- og 17-åringene brukt som mål på forsøkets vellykkethet i den enkelte kommune. Resultatene fra analysene av kommunenes arbeid med forsøket viser at de kommuner som har brukt nettverksressurser som finnes lokalt – både ungdomsmiljøer, skole, ulike etater samt nasjonale aktører – i størst grad har lyktes i å mobilisere unge velgere. De bredt sammensatte gruppene har gitt prosjektledelsen evnen til å fange opp problemer og skape nye løsninger i mellomrommene mellom eksisterende deler av den kommunale organisasjonen – som for eksempel mellom dem som arbeider med valg og dem som arbeider med ungdom.</p> <p>3) Hvordan forholdt de politiske partiene på lokalt nivå seg til forsøket?</p>

Vi belyser dette spørsmålet ved hjelp av to ulike datasett: en

spørreskjemaundersøkelse til samtlige kommunepartier og lister i forsøkskommunene, og et landsdekkende datasett for listekandidater. Spørreundersøkelsen viser at selv om partiene kunne ha vært mer aktive utad i valgkampen, har de på mange måter gjort sin jobb internt. Mange partilag har inkludert ungdom i prosessen, og nominasjonsprosessen har bidratt til å få fram unge kandidater – men det er betydelige forskjeller etter kommunens og partiets størrelse. Vi ser likevel få spor av denne innsatsen når listekandidater i forsøkskommunene sammenlignes med situasjonen ved forrige valg og i resten av landet. Forsøkskommunene i 2011 skiller seg ikke ut ved en bedre plassering for unge kandidater. Når vi ser på dem som ble valgt inn i kommunestyrene, blir mønsteret imidlertid et annet. Velgernes rettinger på listene har vært målrettede, og målet har vært å få flere unge inn i kommunestyrene. Andelen representanter som har kommet inn på grunn av listeretting er betydelig større blant unge enn blant eldre representanter, og denne tendensen er særlig sterk i forsøkskommunene.

4) I hvilken grad deltok 16- og 17-åringene i valget?

Valgdeltakelsen blant 16- og 17-åringer i forsøkskommunene var 58 prosent. Blant de ordinære førstegangsvelgerne (aldersgruppen 18-21 år) deltok 46 prosent i valget, mens deltakelsen var på 63 prosent blant alle velgere i forsøkskommunene. Forsøksvelgerne deltok altså i større grad enn andre unge velgere, men i mindre grad enn elektoratet som helhet. Mer detaljerte analyser viser at velgere i aldersgruppen som vanligvis går på videregående skole, 16, 17 og 18-åringer, deltar i betydelig høyere grad enn andre unge velgere. En senkning av stemmerettsalderen bidrar altså til å fange opp unge velgere i en periode hvor disse er tilbøyelige til å delta. Vi vet enda ikke om dette også fører til høyere deltakelse senere i livet, altså om en senkning av stemmerettsalderen kan bidra til høyere valgdeltakelse på lang sikt.

5) Hvilke politiske preferanser har 16- og 17-åringer, vil det ha noen politiske konsekvenser om stemmerettsalderen senkes til 16 år?

De politiske preferansene til 16- og 17-åringer spesielt og ungdommer generelt ved valget i 2011 viser små forskjeller i forhold til preferansene til eldre velgere. Stemmegivningen til 16- og 17-åringer avvok i liten grad fra velgere for øvrig. Resultater fra skolevalgsundersøkelsene tyder på at forskjellene mellom preferansene til ungdommer og eldre velgere var spesielt små i 2011. Ved tidligere skolevalg har ungdommer vist et mer radikalt stemmemønster enn andre velgere. SV og FrP har gjort det spesielt godt ved skolevalgene, mens Ap og Høyre har gjort relativt dårlige skolevalg. Det er ikke utenkelig at det også i framtiden vil oppstå større forskjeller mellom preferansen til 16- og 17-åringer på den ene siden, og andre velgere på den andre siden. Det synes likevel lite sannsynlig at forskjellene skulle bli så store at en senkning av stemmerettsalderen til 16 år skulle påvirke norske valgresultater i nevneverdig grad.

6) Hadde forsøket en effekt på den «politiske modenheten» til 16- og 17-åringene?

Analysene viser at det er målbare forskjeller i politisk modenhet (målt som politisk interesse, kompetanse, konsistens i politiske holdninger og sammenheng mellom holdninger og stemmegivning) mellom 16- og 17-åringer på den ene siden, og velgere som er noe eldre på den andre siden. Det var en forventning om at disse forskjellene ville bli mindre når 16- og 17-åringer fikk stemmerett, og dermed fikk et incitiv til å bli mer interessert i politikk, til å øke sin kompetanse etc. Forventningen ble ikke innfridd. Vi finner ikke tegn på at forsøket bidro til å øke den politiske modenheten til 16- og 17-åringer.

7) Hva mener ungdommer, og befolkningen for øvrig om en eventuell senkning av stemmerettsalderen til 16 år?

Et klart flertall befolkningen i Norge svarer «nei» når de blir spurt om stemmerettsalderen bør senkes til 16 år; det samme svarer de fleste ungdommer. Det er betydelig motstand mot en senkning av stemmerettsalderen, også blant velgerne til de partiene som går inn for stemmerett til 16-åringer: SV og Venstre.

Vi finner likevel grunn til å tro at denne motstanden mot en senkning av stemmerettsalderen ikke er av fundamental karakter. Siste gang Norge gjennomførte en endring i stemmerettsalderen (fra 20 til 18 år i 1978), uttrykte befolkningen den samme typen av motstand i forkant. Endringen ble likevel akseptert i ettertid.

8) Hvilke konsekvenser har forsøket hatt i perioden etter valget i 2011; er det mulig å se konturene av noen langsiktige konsekvenser av forsøket?

To år etter at forsøket ble avsluttet, er det gjennomført kvalitative intervjuer av personer i seks casekommuner, som var tett på forsøket. Tre tema reises: Har andelen kommunerepresentanter under 30 år økt i lys av forsøket? Er det foretatt endringer av administrative og politiske rutiner for å inkludere unge i politikken? Er det grunn til å tro at ungdomsgruppers politiske engasjement har økt i ettertid? Studien viser at det er store variasjoner mellom de seks kommunene. Generelt konkluderes det med at forsøket i begrenset grad har gitt langvarig effekt. Dette til tross: De kommuner som gjennomførte en institusjonalisering av forsøket, synes også å ha forlenget dets «levetid», både i administrasjonen og i involverte ungdomsgrupper. Når det gjelder økningen i andelen unge kommunestyrerepresentanter og enkeltkommuners opplevelse av økt politisk engasjement i ungdomsmiljøet, er det vanskelig å skille hva som kan knyttes til en mulig forsøkseffekt og hva som kan forklares av en generell mobilisering i lys av terrorangrepene 22. juli 2011. Det synes som det har vært et samspill mellom de to forklaringsfaktorer i enkelte forsøkskommuner. Stemmerettsalder, valgdeltakelse, politisk modenhet, demokratisk innovasjon

Emneord

Referanser

- Bergh, J. & Ødegård, G. (2013). Ungdomsvalget 2011 Norsk statsvitenskapelig tidsskrift, 29(1), 30-50.
- Bergh, J. & Christensen, D. A. (2012). *Valgdeltakelse og bruk av internettstemmegivning. Har hvordan velgerne stemmer betydning for om de stemmer?* I Segård, S. B., & Saglie, J. (red.). Tilgjengelighet for velgere, tilitt, hemmelig valg og valgdeltakelse. ISF rapport nr. 2012:3. Oslo: Institutt for samfunnsforskning.
- Berghund, F., & Winsvold, M. S. (2005). Unge folkevalgte. Om rekruttering og frafall blant unge folkevalgte i norsk lokalpolitikk. Oslo: Norsk institutt for by- og regionforskning.
- Franklin, M. N. (2004). *Voter Turnout and The Dynamics of Electoral Competition in Established Democracies Since 1945*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Petersson, O., Blomberg, G., & Westholm, A. (1989). *Medborgarnas makt*. Stockholm: Carlssons.
- Wollebæk, D., Enjolras, B., Steen-Johansen, K., & Ødegård, G. (2012). Ett år etter 22. juli. Har rosetoget gått? (Vol. 2012/5). Oslo: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Ødegård, G., & Aars, J. (2011). Ungdom, valgdeltakelse og stemmerett. En kunnskapsoversikt (Vol. 4-2011). Oslo/Bergen: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Ødegård, G., & Saglie, J. (2013). Stemmerett for 16-åring: Forsøk som flernivåinnovasjon in T. Ringholm, H. Teigen & N. Aarsæther (Eds.), *Innovative kommuner*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Magda Haugen	Arkivkode: FE-010
Arkivsaksnr: 14/277	Løpenr: 14/1831
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Valstyret	29.04.2014	003/14	MH

KOMMUNESTYRE- OG FYLKESTINGSVAL 2015 - TAL VALKRINSAR I SAMNANGER
KOMMUNE**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

I Samnanger kommune vil det f.o.m. valet i 2015 vera 3 røystekrinsar

- Nordbygda med Vassloppa barnehage som røystelokale
- Gjerde med Samnanger barneskule som røystelokale
- Tysse med Samnanger ungdomsskule som røystelokale.

Før det vert fatta endeleg vedtak skal innbyggjarane få høve til uttala seg. Endeleg vedtak vert fatta i september 2014.

Dokument som ikkje er vedlagt:

Vallova, valgforskriften

Kva saka gjeld:

Ved valet i 2015 vil kommunen ikkje få tilgong på papirmanntal til røystekrinsane lenger. Alle registreringar av avgjevne røyster skal først i digitalt manntal. Dvs at alle røystelokale skal utstyrt med pc, og det må difor vera sikker internett-tilgong i kvart røystelokale. Det vil seia at internett-tilgongane må vera av ein slik kvalitet at ein ikkje risikerer å få stopp eller "heng" i systema under registrering i online-manntal. Alle dei som mottek røyster må ha opplæring i bruk av datasystemet slik at dei kan avløysa kvarandre.

Ved valet i 2013 hadde me desse røystekrinsane i Samnanger kommune:

Namn røystekrins	Røystelokale	Tal medl. i røystestyra
Rolvsvåg	Urd sitt ungdomshus Skuld	6
Nordbygda	Nordbygda grendahus	13
Steinsland	Nesodden bedehus	9
Tveit	Ungdomshuset på Tveit	6
Frøland	Antons kulturhistoriske senter	6
Sandvik	Sandvik grendahus	6
Tysse	Samnanger ungdomsskule	7
		53

Dei siste endringane som vart gjort når det gjeld tal røystekrinsar vart gjort på 1980-talet då røystekrinsane Li og Hisdal (Stolpane) vart nedlagde og innlemma i Nordbygda røystekrins. I seinare tid har det vore endringar i røystelokale men ikkje i tal røystekrinsar.

Vurderingar og konsekvensar:

Kommunestyret må ta avgjerd om kor mange røystekrinsar Samnanger kommune skal ha ved valet i 2015. Endringar i tal røystekrinsar må gjerast før utgongen av mars 2015:

I valgloven heiter det:

§ 9-3. Tid og sted for stemmegivningen. Organisering

(1) Kommunestyret, eller valgstyret etter delegering, avgjør hvor mange stemmekretser kommunen skal deles inn i. Folkeregistermyndigheten skal orienteres om endringer i stemmekretsinnndelingen innen 31. mars i valgåret.

I punkt 2.2.07 i *Delegasjonsreglement for Samnanger kommune* har kommunestyret delegert til formannskapet (personal- og økonomiutvalet) å vera valstyre og ha all mynde etter valgloven.

Dersom me skal oppretthalda dagens røystekrinsstruktur, vil dette medføra at kommunen må sikra internett-tilgong til alle sju røystelokala og gjennomføra opplæring av dei som skal ta i mot røystene – til saman 53 personar.

Kommunen hadde representantar på kurs om valg gjennomføringa i regi av KRD i 2013. På dette kurset vart kommunane oppmoda om å vurdera tal røystekrinsar på bakgrunn av den nye ordninga med digitalt manntal. Fleire kommunar i Hordaland har alt teke debatten om tal røystestader, og dei fleste har redusert kraftig i dette talet frå valet i 2013.

Ei gjennomføring av valet i 2015 med dei valkrinsane me har no vil verta noko dyrare enn tidlegare val. Føresetnaden for at digitalt manntal kan nyttast i lokalitetane er at internett –tilgongen er sikker. I tillegg må det kjøpast inn såkalla simuliboksar som ein backup i tilfelle systema sviktar. Kostnaden på dette vil vera ca. 24.000 kroner (til saman for alle røystelokala). I tillegg kjem opplæring av dei som sit i røystestyra og innkjøp av naudsynt datautstyr.

Gjennomføring av valet er drøfta med IT-avdelinga i kommunen. Dei meiner at ein reduksjon i valkrinsane er heilt naudsynt dersom me skal klara å gjennomføra valet på ein ansvarsfull måte. Data-support til kvar enkel valkrins vil vera uråd å gjennomføra med 7 valkrinsar geografisk spreidd over heile kommunen. I tillegg er det naudsynt med digital kompetanse frå dei som skal sitja i røystestyra. Dvs. at me må velja inn personar i røystestyra som har ein annan bakgrunn og kjennskap til datasystem enn det mange av dei som har sete i røystestyra har. Det vil igjen seia at

Side 14 av 15

dei gjerne ikkje har kjennskap til kva som skjer i eit røystestyre, og dei vil trenga opplæring også på det. Det vil uansett vera svært mange -53 personar – som må ha relativt omfattande opplæring.

Det er også eit krav både i valgloven og i valgforskriften at røystelokala skal vera universelt utforma:

”Valgloven § 9-3 (2) Tid og sted for stemmegivningen. Organisering

....Stemmegivningen skal foregå i egned og tilgjengelig lokale. Velgerne skal kunne ta seg inn i valglokalene uten hjelp. Andre lokaler skal ikke benyttes med mindre særlige grunner foreligger.”

”Valgforskriften § 26.Valglokalene

Ved tilrettelegging for stemmegivning i valglokalene, skal det legges vekt på god tilgjengelighet for alle velgere. Blinde og svaksynte velgere skal kunne avgi stemme uten å måtte be om hjelp.”

Dette kravet saman med kravet til sikker internett-tilgong tilseier at kommunen helst bør nytta røystelokale i kommunen sine egne bygg.

Det vil vera naturleg å tenkja at ein ved valet i 2015 nyttar seg av tre kommunale røystelokale med sikker internett-tilgong og universell utforming:

Røystekrins	Tal røysteføre*	Røystelokale	Tal røysteføre*	Tal medl. Som lyt ha opplæring
Rolvsvåg	113	Vassloppa barnehage	684	13
Nordbygda	571			
Steinsland	655	Samnanger barneskule, evt. Dråpeslottet barnehage	655	13
Tveit	56	Samnanger ungdomsskule	508	13
Frøland	133			
Sandvik	95			
Tysse	224			
	1847		1847	39

*Tala er henta frå manntalet 2013

Dei nye røystekrinsane må få namn. Rådmannen har lagt inn forslag til namn på røystekrinsane i framlegget sitt til vedtak.

Rådmannen foreslår i framlegget sitt også at innbyggjarane i kommunen skal få høve til å uttala seg før det vert fatta endeleg vedtak i saka, og at endeleg vedtak vert fatta i september 2014.

Dersom kommunen vel å gå ned til 3 røystekrinsar i staden for 7, vil det vera ein føresetnad at det vert godt tilrettelagt for førehandsrøysting og heimerøysting, og at ein sikrar god informasjon om desse tilboda.

Fordelane med å redusera tal røystekrinsar vil vera at:

- administrasjonen av valet vil verta lettare både for sekretariatet og for IT-avdelinga – det vil vera enklare å administrera 3 røystestader enn 7.
- kostnaden med gjennomføring av valet vil vera lågare enn om me held fast på dei 7 røystekrinsane me har hatt tidlegare.
- opplæringa vil vera lettare og billegare å gjennomføra samanlikna med 7 røystekrinsar.
- alle veljarane får røyta i eit vallokale som er universelt utforma.

Ulempene / utfordringane med å redusera tal røystekrinsar vil vera at:

- nokre veljarar får lengre veg til røystelokala.
- nokre veljarar må stå i kø for å avgje røyst (i større grad enn dei er van med i dei små valkrinsane).